



Statens vegvesen

PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Sindre Øen

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/84574-2

Deres referanse:

Vår dato:
18.05.2022

Uttale til varsel om oppstart – detaljregulering for Nygardstranda – Hundeidvik – gnr. 54 bnr. 21 og 32 – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 22.04.2022.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for boliger, fritidsboliger, naust og nødvendig infrastruktur. Utbyggingen er i tråd med kommuneplanens arealdel.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Statens vegvesens innspill til planarbeidet

Så lenge planleggingen skjer i samsvar med bestemmelser og retningslinjer i kommuneplanens arealdel, har vi ingen merknader til at det startes planarbeid her.

Vi ber om at planområdet utvides østover slik at det kan etableres en gang- og sykkelvegforbindelse mellom Kursetstranda og gang- og sykkelvegen langs fv. 5914. Dette

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

vil knytte de nye utbyggingsområdene til butikk, skole, idrettsanlegg og busslommer mv. i området. En slik forbindelse vil også være positivt for den øvrige bebyggelsen langs Kursetstranda, og bør etableres før ny boligbebyggelse kan etableres i området, jf. plan- og bygningsloven § 12-7 pkt. 10.

Konklusjon

Vi viser til overnevnte innspill og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN



PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering for Nygardsstranda - Hundeidvik - Eigedom 54/21 og 54/32 Fråsegn til varsel om oppstart av reguleringsplan

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

proESS AS varslar oppstart av privat reguleringsplanarbeid for Nygardstranda-Hundeidvik – eigedom 54/21 og 32 i Sykkylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader, fritidsbustader, naust og anna naudsynt infrastruktur i samsvar med kommuneplanen. Delar av sjøområdet er tatt med for å vurdere moglegheit for å etablering av flytebrygger mv.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone

I hundremetersbeltet langs sjø og vassdrag skal kommunen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jamfør plan og bygningslova § 1-8 første ledd. Landskapet må ivaretakast med å avgrense storleiken på nausta og ikkje opne for privatiserande tiltak i strandsona. Reguleringsplanen må sikre at ålmenta kan ferdast langs sjøkanten.

Vi er samd med kommunen at eventuelle tiltak i sjø må samlast i fellesanlegg.

Vassdrag

Langs alle vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg belte av kantvegetasjon, jamfør vassressurslova § 11.

Kantvegetasjon er leveområde for mange plantar og dyr, og er ein viktig del av næringsgrunnlaget for mange artar. Vegetasjonen langs vassdraga fungerer og som vandrings- og spreingskorridor for fleire artar av insekt, fugl og hjortedyr. Kantvegetasjon gir skjul og skugge i og langs vassdrag, noko som er viktig for dyr som lev i vassdraget. Vidare bidrar kantvegetasjonen til å fange opp næringssalt og reduserer avrenning til vassdrag, samt hindrar erosjon.

Vi ber om at ein fastsett ei tilstrekkeleg brei kantsone i plankartet.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vi ser at kommunen allereie har peika på fleire forhold som må avklarast gjennom analyseprosessen. DSB sin rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*» tilrår at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi ser de er merksame på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde.

Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Barn og unge

Omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegging. Nesten all planlegging har innverknad på nærmiljø og oppvekstvilkår for barn og unge på kort eller lang sikt. Derfor er det viktig at dei som planlegg tek ekstra omsyn til barn og unge og deira behov. I saker som angår barn og unge bør barnetrakk og/eller deltagelse frå barn, elevråd eller ungdomsråd nyttast som dokumentasjon.

Når det gjeld leikeplass innafor planområdet støttar vi kommunens merknader frå oppstartsvarselet. Vi ber også om at barn og unges interesser blir utgreidd i planomtalen. Her bør det kome fram kva andre leikeområde som finst i nærområdet, og om det er trygg tilkomst til desse areala. Det bør også gå fram om det er trygg skuleveg til og frå det planlagde bustadfeltet.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)
samordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN
SYKKYLVEN KOMMUNE

Postboks 2500
Postboks 1010 Nordre Ål
Kyrkjevegen 62

6404 MOLDE
2605 LILLEHAMMER
6230 SYKKYLVEN

PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Vår dato: 25.05.2022

Vår ref.: 202208386-3 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Saksbehandler: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for Nygardstranda - Hundeidvik Gnr. 54 bnr. 21 og 32 i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 22.04.2022. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Nygardstranda – Hundeidvik Gnr. 54 bnr. 21 og 32 i Sykkylven kommune. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av boliger, fritidsboliger, naust og nødvendig infrastruktur iht. kommuneplanen. Man ser for seg en blanding av frittliggende og konsentrert boligbebyggelse i området til både boliger og fritidsboliger. Deler av sjøområdet er medtatt for å vurdere muligheten for etablering av flytebrygger etc.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

NVEs konkrete innspill

Grunnforhold

Planområdet ligger under marin grense og NGUs løsmassekart viser marine avsetninger i deler av planområdet. I disse avsetningene kan det være marin leire, jf. aktsomhetskart i [NVE Atlas](#). I avsetninger med marin leire kan det være kvikkleire eller sprøbruddmateriale som kan forårsake skred.

Fare for områdeskred av kvikkleire må avklares i planarbeidet. I NVEs veileder [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det i kapittel 3.2 angitt prosedyre for å avklare om det er



reell fare for områdeskred av kvikkleire. Vi anbefaler at prosedyren følges så langt som nødvendig for å avklare faren.

I veilederen er det på s. 18 et eget kapittel om aktsomhet i strandsonen. Skred i sjø kan utløses i alle typer løsmasser. Det kan være svært vanskelig å forutse konsekvensene av en lokal overbelastning i sjø. Det må derfor alltid gjøres grunnundersøkelser og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsonen. Selv om fare for områdeskred av kvikkleire er avkreftet i planprosessen bør planen derfor sette krav om grunnundersøkelse og geoteknisk detaljprosjektering i byggesaken når den innebærer tiltak i strandsonen.

Flom og erosjon

Aktsomhetskart for flom viser potensiell fare langs elva Raudåa som renn gjennom planområdet, jf. [NVE Atlas](#). I arbeidet med Risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS) må fare for flom og erosjon vurderes. Generelt gjelder at areal utsatt for flom med 200-års gjentaksintervall vises i plankartet med hensynssone *Flomfare H320* med tilhørende bestemmelser som gir tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Alternativt kan det etableres byggegrense mot vassdrag som er vurdert å gi sikker avstand i forhold til fare for flom og erosjon. For broer eller kulverter må tilstrekkelig flomkapasitet vurderes. Norsk klimaservicesenter har utarbeidet [Klimaprofil for Møre og Romsdal](#) og NVE anbefaler at kunnskapen i klimaprofilen blir tatt hensyn til i planarbeidet.

Dersom det er fare for erosjon langs elvebredden, skal det være en sikkerhetssone mellom bygninger og toppen av løsmasseskråninga over elva som er minst like brei som høyden fra elva til toppen av skråninga. Avstanden må være minst 20 m, jf. prinsippskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i veiledningen til byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2 fjerde ledd.

Overvann

NVE veileder [4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) gir råd for overvannshåndtering i planarbeid.

Mer utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vann på terrengoverflata (overvann). En slik økning kan i verste fall føre til flom i utbyggingsområde og i vassdraga. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan være til hinder for avrenning ovenfra, som igjen kan føre til skader på bygninger og/eller lede overvannet til uønskede steder.

NVE anbefaler å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å håndtere nedbør og overvann, hovedsakelig på overflata. Et viktig prinsipp er å sikre en så «naturlig» overvannshåndtering som mulig. Åpne løsninger er bedre enn lukka løsninger. Dere må også avklare og ta hensyn til effekt av klimaendringene på avrenninga.



Dere bør kartlegge eksisterende avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og fordrøyning av overvann innenfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårlig, anbefaler vi at tiltaka blir innarbeidet i plankartet og bestemmelsene. Fremtidige flomveier for trygg avledning av overvann bør vises i plankartet og sikres tilstrekkelig kapasitet.

Sekundær virkning av fjellskred

Deler av planområdet er utsatt for fare for oppskylling av flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred i Åkneset, jf. [NGI rapport 20151018-00-1-r sist revidert 21.02.2011](#). Fareområdene må reguleres med hensynssone i plankartet, med tilhørende bestemmelser om krav til sikkerhet i henhold til krava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Dersom det skal planlegges tiltak som ikke har tilstrekkelig sikkerhet i henhold til TEK17 § 7-3, må tiltak avklares etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4.

Vassdragsmiljø

Ifølge vannressursloven (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveplass for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør benyttes til å merke vannstrengen med for eksempel underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen medfører inngrep i vassdraget må det i planbeskrivelsen gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til elva, og eventuelt hvordan inngrepet påvirker de allmenne interessene. Dersom allmenne interesser ikke blir berørt kan inngrepet avgjøres av kommunen alene. Som eksempel på allmenne interesser kan nevnes fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, kultur og landskapshensyn, jordvern, hensyn til flom/isgang og skred mv.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillatt i reguleringsplan ikke trenger særskilt tillatelse etter vrl, jf. § 20 om samordning av tillatelser. En koordinert behandling forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

Generelle råd

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre [internettsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at



disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs oppfølging av planarbeidet

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakere:

PROESS AS

Kopimottakere:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
SYKKYLVEN KOMMUNE





Møre og Romsdal
fylkeskommune

PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	22.04.2022	56231/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	14.06.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Nygardstranda, Hundeidvik - gbnr 54/21 og 54/32 – fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for Hundeidvik, og formålet er å legge til rette for utbygging av bustadar, fritidsbustadar, naust og naudsynt infrastruktur. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Plan- og bygningsloven § 1-8 fastsett eit generelt forbod mot tiltak i 100- metersbeltet i strandsona for å sikre allmenta tilgang til strandsona, samt å ivareta andre allmenne interesser slik som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Vi rår til at reguleringsplanen må sikre allmenta si moglegheit til ferdsel, unngå privatiserande tiltak og samle aktuelle tiltak i fellesanlegg.

Samferdsel

Konsekvensutgreiinga (KU) til kommuneplanen sin arealdel seier mellom anna følgande om område BU10:

- Fortetting innanfor sentralt liggande areal i Hundeidvik vert sett som positiv. Avstand til barneskule ca. 1,4 km. Kan ev. kortast ned til under 1 km ved etablering av gangveg mot butikk. Avstand til daglegvarebutikk ca. 800 m.

Avstand til barnehage ca. 4 km, og til sentrumsfunksjonar ca. 12 km. Ligg også nært ferjekai.

- Avbøtande tiltak: Gangveg til butikk bør vurderast i detaljplan. Ev. støy må utgreiast gjennom regulering.

Vi er samde i kommunen si vurdering i KU og referat frå oppstartsmøte punkt 10 og ser det som svært viktig at trafikktryggleik blir vurdert, beskrive og at ev. avbøtande tiltak og rekkefølgeføresegn blir sikra og inkludert i planforslaget. Dette vil mellom anna gjelde følgende:

- Kryss fv 5914 – kv Kursetstranda. Planforslaget vil legge til rette for auka bruk av krysset. Gjeldande, tekniske krav i samsvar med Statens vegvesen si handbok må bli oppfylt (t.d. frisikt). Dette vil vere svært viktig sidan krysset ligg plassert nærme ferjekaia med tilhøyrande infrastruktur. Det må bli sikra og beskrive trygg og oversiktleg løysing for biloppstilling/ferjekø.
- Trygg skuleveg, inkludert busshaldeplass for mjuke trafikantar/skuleborn.
- Trygge løysingar for mjuke trafikantar på, og langs, fv 5914. Dette inkluderer t.d. ganglenkar til dei areala born og mjuke trafikantar nyttar (t.d. ballbinge, daglegvarebutikk, busshaldeplassar m.v.). Vegkart opplyser at fv 5914 frå kryss og vestover mot ferje har ein ÅDT lange køyretøy på 12 %.

Varsel om oppstart opplyser at deler av sjøområde er inkludert i planområde for å vurdere moglegheita for etablering av flytebrygge etc. Arealet er vurdert å komme i konflikt med ferja si farlei og arealbehov og fylkeskommunen kan derfor ikkje akseptere flytebrygge vest for gbnr 54/32. Auka sjøtrafikk nær ferja i åtkomst-/avgangsfasen er vurdert som ein uheldig risiko. Ferjetrafikk kan òg gi uheldige bølgepåverknad på ei ev. flytebrygge.

Oppsummering

Vi viser til merknader ovanfor og ber om at desse blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet. Manglande ivaretaking av trafikktryggleik og areal for ferjedrift kan gi heimel for motsegn, jf. veglova §§ 1 a og 9.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer planområdet til reguleringsplan for Nygardstranda, Hundeidvik til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå både steinalder og bronsealder-jernalder, som ligg skjult under markoverflata. Like ved planområdet har det tidlegare loge to gravrøyser (Askeladden ID 55307 og 55306) på same nivå som nedre del av planområdet. Det er også potensiale for at det kan ligge fleire ukjente gravrøyser og andre automatisk freda kulturminne i området. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimumsbudsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid, og da vil kostnadene bli tilsvarande mindre. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura, fortrinnsvis ei firmaadresse.

Marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

«Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 54/21 eller gbnr. 54/32 i Sykkylven kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Dersom planområdet blir utvida i forbindelse med vidare planlegging av brygge kan det bli aktuelt å revurdere område. Museet har elles ingen merknader til det planlagde arealinngrepet slik det no er lagt fram.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Barn og unge

Vi føreset at ein gjennom planarbeidet sikrar uteareal for felles opphald og leik på ein slik måte at dette arealet får tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Det er viktig også å sikre gode lys og solforhold. Utearealet skal vere eigna opphaldsstad også for bebuarar på bakkeplan. Alle einingar skal ha tilgang til arealet, som skal kunne nyttast av alle, vaksne som barn. Vi vil særskilt understreke plassering i forhold til bygg, fordi dette føreset at ein i reguleringsplankartet fastsett kor dei ulike planføremlåa skal vere, gjennom avgrensing av dei ulike føremåla, samt bruk av byggegrense m.m.

Det må bli innarbeid rekkjefølge i føresegna som sikrar opparbeiding. Opparbeiding må vere knytt til ferdigattest for første bueining. Når det gjeld nærare utforming og plassering av areal for opphald og leik, rår vi til at ein ser nærare på utformingskrava i Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08

Universell utforming

Universell utforming er utforming av omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttas av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming. Nærmiljø er ein viktig arena for leik, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å leggje til rette for økt sosial kapital.

Nokre tips til universelt utforma uteareal kan ein finne her:

[UUOpparbeidetUteareal.pdf \(ks.no\)](#)

KONKLUSJON

Vi stiller krav til arkeologisk registrering jmf. kulturminnelova § 9.

Vi ber elles om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48

Automatisk freda kulturminne: rådgivar/arkeolog Susanne Busengdal tlf. 98 63 17 74

Marine kulturminne: marinarkeolog Selma Johanne Lauvland, post@museumvest.no

Vedlegg: § 9 arkeologisk budsjett Hundeidvik

Kopi:
Sykkylven kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Budsjett arkeologisk registrering

Møre og Romsdal fylkeskommune									
Saksnr.	2022/7434	Saksbeh.:	Susanne Busengdal						
Prosjektnr.							Dato:	24.05.2022	
Sted/ gård, kommune	Nygardstranda -Hundeidvik gbnr 54/21 og 32, Sykkylven kommune								
Tiltakshaver	Helge Overå								
Adresse									
LØNNSKOSTNADER									
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn	sos.utg.			sum		
				47 %					
Forarbeid	7,5	kr 340,00	kr 2 550	kr 1 199	kr		kr	3 749	
<i>Delsum</i>	8		kr 2 550	kr 1 199	kr		kr	3 749	
Feltarbeid	75	kr 360,00	kr 27 000	kr 12 690	kr		kr	39 690	
<i>Delsum</i>	75		kr 27 000	kr 12 690	kr		kr	39 690	
Etterarbeid	37,5	kr 340,00	kr 12 750	kr 5 993	kr		kr	18 743	
<i>Delsum</i>	38		kr 12 750	kr 5 993	kr		kr	18 743	
Sum lønnskostnader	120		kr 42 300	kr 19 881	kr		kr	62 181	
Indirekte kostnader									
				60 % av timekostnader			kr	37 309	
DRIFTSKOSTNADER									
	antall	à kr							
Kost	10	kr 801,00	kr 8 010						
Losji	10	kr 1 000,00	kr 10 000						
Reiseutlegg	Drivstoff, ferje, bompenger etc.						kr	2 500	
Leiebil el. tilsvarende	750 kr pr døgn						kr	7 500	
Sum reise, kost og losji							kr	28 010	
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)						kr	9 949	
Sum driftskostnader							kr	37 959	
KJØP AV TJENESTER									
Gravemaskin									
Annet teknisk utstyr									
<i>Delsum</i>									
Naturvitenskapelige analyser									
14C	3 stk. á 5100 kr per prøve						kr	15 300	
annet	Andre vit.skl. analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)						kr	5 000	
<i>Delsum naturvitenskap</i>							kr	20 300	
Andre konsulentttjenster									
Sum kjøp av tjenester							kr	20 300	
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)									
Universitetsmuseet i Bergen							5 %	kr	3 109
SUM BUDSJETT (maksimum)							kr	160 858	



KYSTVERKET

PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Dykkar ref

Vår ref
2022/2257-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Børre Tennfjord

Dato
18.05.2022

Uttale til varsel om oppstart av Detaljregulering Nygardstranda - Hundeidvik - Sykkylven kommune - Møre og Romsdal fylke.

Vi syner til brev av 22.04.22 vedkomande varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Nygårdstranda i Sykkylven kommune.

Formålet med planen er å legge til rette for utbygging av bustadar, fritidsbustadar, naust og naudsynt infrastruktur i samsvar med kommuneplanen. Ein ser for seg ei blanding av frittliggjande og konsentrert utbygging i området avsett til bustadar og fritidsbusetnad. Deler av sjøområdet er teke med for å vurdere mogeleg etablering av flytebrygger m.m.

1. Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet.

Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lavutslippsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.


Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet i Sykkylven kommune røyver ved Kystverket sitt saksfelt og vi har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



2. Innspel til planen

Planområdet ligg på Kursetstranda/Hundeidvik i Sykkylven kommune. Planområdet måler om lag 21 daa, inkludert 3 daa sjøareal.

Planen skal utviklast og dimensjonerast som detaljregulering og er i utgangspunktet samsvarande med kommuneplanen sin arealdel, både med omsyn til føremål og avgrensing.

Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.

2.1 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningsloven sin § 4-1 første ledd, set rammer for kva planar som skal ha planprogram og § 4-2 andre ledd, set rammene for kva planar som skal ha konsekvensutgreiing. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi ønskjer difor å minne om at det for område i sjø vil vere bestemte krav om konsekvensutgreiing knytt til nye arealformål heimla i pbl. § 11-7 nr. 2 og 6.

Kystverket registrerar planstyresmakta si avgjersle om at planen ikkje løyser ut krav til konsekvensutgreiing og har ikkje kommentarar til dette.

2.2 ROS-analyse – arealplanar som ikkje krev konsekvensutgreiing

Det følgjer av pbl sin § 4-3 om samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse at:

Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan vere viktig for om arealet er eigna til utbyggingsformål og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging.

Kommunen må i sin ROS-analyse syne kva ein endra arealbruk vil ha å seie for omgjevnadane, men og på kva måte omgjevnadane kan påverke arealbruken i planområdet.

2.3 Etablering av bryggjer/småbåthamn nær farleisareal eller i områder med næringstrafikk

Planområdet ligg ved farleisarealet til bilei nr. 2393 – Ferje Hundeidvik – Festøy-Solavågen som kryssar Hjørundfjorden.

Det må ikkje planleggjast for ein arealbruk som medfører ulemper for sjøfarande.

Området kan vere utsett for bølger frå skipstrafikken og eventuelle bryggjeanlegg bør dimensjonerast til å tola bølger frå passerande fartøy dersom dette vert aktuelt i området. Dette må kommunen vurdere i sin ROS-analyse i tråd med pbl sin § 4-3.

Vi ber om at det vert vurdert om planforslaget vil ha ferdselsmessige konsekvensar for den ålmenne ferdselen i farvatnet.

Generelt rår ein til at bryggjeanlegg vert planlagt på ein slik måte at ein unngår konflikt med bading og annan ikkje-motorisert bruk av farvatnet.


2.4 Etablering av bustadar og annan støyømfintleg busetnad ved hamn/ industriverksemd

Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgret. Kystverket har erfart frå andre hamner at støy frå hamne-/industriverksemd er ein utfordring for nærliggjande områder med støyømfintleg busetnad. Kystverket føreset at det vidare planarbeidet tek omsyn til eksisterande industriverksemd og at planlegging av bustadbygg ikkje vil vere til hinder for eksisterande og framtidig industri-/hamneverksemd. Bustadar må planleggjast i god avstand til industriområdet, slik at det ikkje oppstår konflikt knytt til støy, driftstid mm.

2.5 Etablering av bustadar/støykjensleg verksemd ved farleier/hamneområde som vert trafikkert av næringsfartøy

- Støy

Planområdet ligg ved farleisarealet til bilei nr. 2393 – Ferje Hundeidvik – Festøy-Solavågen som kryssar Hjørundfjorden. Data frå Kystdatahuset syner omlag 8100 passeringar årleg av fartøy som førar AIS-transpondar. Det aller meste av dette er ferjetraffikk (8000) og resten er generell trafikk utan registrert kategorisering.



Fartøy støyar og det er viktig å unngå interessekonfliktar mellom bebuarar som ønskjer skjerming mot støy og skipstrafikken sine behov, t.d. for å kunne segle til og frå Hundeidvik nattestid.

Kystverket sin vurdering er at ein bør utarbeide av ein støyrapport som gir grunnlaget, grad av påverknad og korleis eventuelle konfliktar bør handterast, t.d. i form av planføresegner.

Støykartlegginga bør vere i samsvar med T-1442/2021.

- Ferdsel i farvatnet

Båtplassar vil føre til meir trafikk i området. Manøvrering med småbåtar, bading m.m. kan føre til eit meir komplisert trafikkbilete for fartøy som manøvrerer i farvatnet.

Kystverket si vurdering er at ein i planprosessen bør avklare om manøvrering med småbåtar, bading m.m. kan kome i konflikt med sjøtrafikken sine behov for å kunne ferdast effektivt og sikkert i farvatnet.

- Samfunnsøkonomiske tilhøve

Kystverket legg vidare til grunn at ein i planprosessen ser etter at aktuell trasé for utsleppsleidningar ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet.

Andre merknadar eller kommentarar har ein ikkje frå Kystverket si side.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakrarar:

Sykkylven kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet Region Midt

Statens Vegvesen Transport Midt
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest

Kyrkjevegen 62
Postboks 2520
Postboks 2500
Postboks 185,
Sentrum
Postboks 8142 Dep.
Postboks 5091,
Majorstuen

6230	SYKKYLVEN
6404	MOLDE
6404	MOLDE
5804	BERGEN
0033	OSLO
0301	OSLO

Frå: Bjørn Idar Lyngvær <bil@fishtech.as>
Send: 6. mai 2022 12:07
Til: post@proess.no
Kopi: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: REF: detaljregulering av GBNR 54/ 21 og 32
Vedlegg: 54-21og32 kommentar til reg.plan.pdf

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsender eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

VISER TIL VEDLEGG

Kommentar fra Fishtech Hygena AS, eier GBNR : 54/37 "Fjordblink"

Fishtech Hygena AS vil påpeke den trafikale situasjon i dette området.

Eiendommen Fjordblink , huser i dag disse firma.

Fishtech Hygena AS. Leverer varer og tjenester til næringsmiddel industrien. 7 ansatte.
Jarnes Møbler AS. Produserer møbler til private og offentlige. 2 ansatte, ser for oss en økning med 1 ansatt til i løpet av 2022 Garibaldi AS. Nettbutikk for gitar deler . 1 ansatt

Alle bedriftene i lokalet har en en positiv utvikling og vi ser for oss at dette vil fortsette framover.

Vi har pr. dags dato lite problem med trafikk avvikling i området.

Vi har registrert byggeaktivitet på vestsiden av vår eiendom i tillegg til tiltaket som nå ligger på høring.


Summen av positiv utvikling i bedriften I Fjordblink, tiltak på GBNR 54/ 21 og 32 og aktivt bruk av naust på vestsida av Fjordblink vil kunne medføre en betydelig trafikk på denne strekninga på Kursetstranda.

Fjordblink
Fishtech Hygena AS

Sincerely
Bjørn Idar Lyngvær
Director

Fishtech Hygena AS
Kursetstranda 40
6224 Hundeidvik
Norway
Phone: (+47) 926 94 760
Email: bil@fishtech.as
Web: <https://fishtech-hygena.no/>

	SITUASJONSKART					
	Eiendom:	Gnr: 54	Bnr: 21/32	Fnr: 0		Snr: 0
		Adresse:				
Hj.haver/Fester:						
SYKKYLVEN KOMMUNE	Dato: 13/4-2022 Sign: SINDRE ØEN VEDLEGG D - OVERSIKTSKART				Målestokk 1:10000	



Det tas forbehold om at det kan forekomme feil på kartet, bla. gjelder dette eiendomsgrenser, ledninger/kabler, kummer m.m. som i forbindelse med prosjektering/anleggsarbeid må undersøkes nærmere.



SITUASJONSKART


Eiendom:	Gnr: 54	Bnr: 21/32	Fnr: 0	Snr: 0
	Adresse:			
Hj.haver/Fester:				



**SYKKYLVEN
KOMMUNE**

Dato: 13/4-2022 Sign: SINDRE ØEN
VEDLEGG B - PLANGRENSE IFT. GJELDENE KOMMUNEPLAN

Målestokk
1:2000



Det tas forbehold om at det kan forekomme feil på kartet, bla. gjelder dette eiendomsgrenser, ledninger/kabler, kummer m.m. som i forbindelse med prosjektering/anleggsarbeid må undersøkes nærmere.

Frå: Bjørn Leinebø <bjorn@proess.no>
Send: 26. oktober 2022 14:43
Til: Arild Sunde Rinnan
Emne: VS: Kommentar til :Detaljregulering for Nygårdstranda , Hundeidvik , gnr 54/21 og 32

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Se under!

Fra: Post <post@proess.no>
Sendt: fredag 3. juni 2022 09:17
Til: Sindre Øen <Sindre@proess.no>
Emne: VS: Kommentar til :Detaljregulering for Nygårdstranda , Hundeidvik , gnr 54/21 og 32

Fra: tovemaut <tovemaut5@gmail.com>
Sendt: mandag 30. mai 2022 21:16
Til: Post <post@proess.no>
Kopi: Hildegun ... <hg@live.no>; f-utgaard@norpost.net; perola0077 <perola0077@gmail.com>
Emne: Kommentar til :Detaljregulering for Nygårdstranda , Hundeidvik , gnr 54/21 og 32

Til proESS AS

Planid: 15282022002

Detaljregulering for Nygårdstranda , Hundeidvik , gnr 54/21 og 32, Sykkylven Kommune.

Område mellom fergetaia og Fishtekaia.

Boliger, fritidsboliger, naust og nødvendig infrastruktur.

Vi er generelt positive til prosjektet, men har noen innspill/kommentarer:

Avkjørsel til eigendomane , gnr 54/21 og 54/32, samt eksisterende 54/47 bør leggest på oversida av Kursetstrandvegen fra grensen fra gnr 54/9, da vil en få **ein** avkjørsel (slik som til fritidsbustadane) til alle **boligeiningar** og minske trafikken og forebygge trafikkfarlige situasjoner langs Kursetstrandvegen, **se vedlegg**. Dette vil også kunne separere og forbedre avkjørselsforholda til tungtrafikken fra/til Industriområde/Fishtec som da kan utvide vegen (svingen) på oversida av vegen.

Maks. fartsgrense fra fergekaia til og med Fishtec bør settast til 30 km/t (om ikke gangvei).


Det står i beskrivelsen:

«Foretaksstillerne er på dette stadiet usikker på korleis dei ønskjer å utvikle området i detalj».

Vi veit da ikkje kor mange **bueiningar** som vil kome.

Det bør takast omsyn til framtidig trafikk tetthet (her også tungtrafikk) slik at omsyn til miljø, barn og eldre blir godt ivaretatt. Det er heller ikkje klarlagt antall **fritidsbustader og naust** og om disse skal selgast separat eller om naust skal være tilknytta kvar fritidsbustad/bueining (jo fleire separate einheiter jo meir trafikk).

Vi ser fram til å sjå utviklinga i planlegginga framover.



Vedlagte bilde viser vei (blått) som går til boligene fra grensa ved 54/9 og 54/32 opp til nye boligene og eksisterende 54/47 (avkjørsel til denne eiendommen blir da endra)

Med vennlig hilsen

For Kursetstranda 34 (gnr 54/35).

Tove Utgård

Frode Utgård

Per-Ola Utgård

Hildegun Utgård

Sendt fra [E-post](#) for Windows